

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtetidspunkt: 30.10.2012 kl. 1605 – ca. kl 1830

Møtestad: Øynasenteret, møterom Høgda

Til stades:

- Frå utvalet: Inge Gjærde, leiar; Randi Strand Overaa, nestleiar; Magnar Furset, medlem;
Eva Rinde Habostad, medlem; Svein Kvaløy, medlem

= **5 voterande**

- Frå kontrollutvalsekretariatet: Adv. Kjetil Kvammen

- Frå revisjonen: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
Revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Møtet vart opna og leia av Inge Gjærde.

Magnar Furset etterlyste dei tidlegare utsette sakene nr. 31/12 som gjaldt rekneskapsrapport drift pr. 20.08.2012 for Stranda Hamnevesen KF, samt utsett sak nr. 35/12.

Desse sakene blir å kome attende til på neste møte.

Der var elles ingen merknader til innkalling og sakliste.

Behandla saker

SAK 36/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. SEPTEMBER 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. september 2012 blir godkjend.

SAK 3712

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – STRANDA KOMMUNE

Møteleiar gjorde greie for at kontrollutvalet skal innstille på kva kommunestyret i det komande møtet den 14.11.2012 skal treffe vedtak om.

Utvalet gjekk igjennom og drøfta "Plan forvaltningsrevisjon", datert oktober 2012, utarbeidd av revisjonen. Plandokumentet inneheld m.a. ein summarisk overordna analyse av Stranda kommune, relevant informasjon henta frå dei ulike tenestoområda i kommunen og forslag til prioritering av prosjekt for forvaltningsrevisjon.

Utvalet la vekt på drøfting av tenestoområde som ei spørjeundersøking hadde sett fokus på, samt at hovudutfordringa i Stranda kommune er den økonomiske situasjonen.

Saksutgreiing datert 24.10.2012 frå kontrollutvalsekretariatet med tilråding vart framlagd.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret prioriterer følgjande prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2012 – 2016:

1. Skjerming av lovpålagde oppgåver i ein situasjon med krav til stor økonomisk omstilling.
2. Gjennomgang av utbygging i regi av Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF
3. Gjennomgang av rutinar og reglar for refusjon av sjukepengar frå NAV (fellesprosjekt med andre kommunar)

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innafør kvart enkelt tema som kommunestyret gjer vedtak om.

*

Då det ikkje låg føre fleire saker til behandling, vart møtet heva.

Inge Gjærde leiar (sign)	Randi Strand Overaa nestleiar (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Svein Kvaløy medlem (sign.)
--------------------------------	---	------------------------------------	---	-----------------------------------